

KOMMISJONSAVGJERD

2016/EØS/7/17

av 19. mars 2010

om harmoniserte vilkår for bruk av radiospektrum for mobilkommunikasjonstenester om bord på fartøy (MCV-tenester) i Den europeiske unionen*[meld under nummeret K(2010) 1644]*

(2010/166/EU)(*)

EUROPAKOMMISJONEN HAR —

med tilvising til traktaten om verkemåten til Den europeiske unionen,

med tilvising til europaparlaments- og rådsvedtak nr. 676/2002/EF av 7. mars 2002 om rammeregler for radiospektrumpolitikk i Det europeiske fellesskap (radiospektrumvedtaket)⁽¹⁾, særleg artikkel 4 nr. 3, og

ut frå desse synsmåtene:

- 1) i2010-politikken, som utgjer den strategiske ramma for det europeiske informasjonsamfunnet⁽²⁾, fremjar ein open og konkurransedyktig digital økonomi i Den europeiske unionen, og legg vekt på at informasjons- og kommunikasjonsteknologi skal vere ei drivkraft for integrasjon og livskvalitet. Utviklinga av ytterlegare kommunikasjonsmiddel kan vere til gagn for arbeidsproduktiviteten og veksten i mobiltelefonimarknaden.
- 2) System for mobilsamband til sjøs vert nytta om bord på frakte- og passasjerskip som seglar innanfor sjøterritoriet til Den europeiske unionen og i internasjonalt farvatn, og er ofte av felleseuropeisk eller mellomstatleg karakter. Systema for mobilkommunikasjonstenester om bord på fartøy (heretter kalla «MCV-tenester») tek sikte på å utfylle eksisterande mobilsamband i dei områda av sjøterritoriet til medlemsstatane i Den europeiske unionen, slik det er definert i Havrettskonvensjonen til Dei sameinte nasjonane, som ikkje er dekte av jordbaserte mobilnett; slike nett er omfatta av kommisjonsvedtak 2009/766/EF av 16. oktober 2009 om harmonisering av

frekvensbanda 900 MHz og 1 800 MHz for jordbaserte system som kan tilby felleseuropeiske elektroniske kommunikasjonstenester i Fellesskapet⁽³⁾. Ein samordna strategi for å regulere slike MCV-tenester bør medverke til å støtte måla for den felles marknaden, og gjeve høve til å gjere GSM-tenester meir tilgjengelege innanfor Den europeiske unionen.

- 3) Harmonisering av reglane for bruk av radiospektrum i Den europeiske unionen bør gjere det lettare å innføre og ta i bruk MCV-tenester i Den europeiske unionen, og det viktigaste føremålet er å unngå skadeleg interferens med jordbaserte mobilnett og å hindre tilkopling til system som leverer MCV-tenester når tilkopling til jordbaserte mobilnett er mogleg.
- 4) Europakommisjonen har i medhald av artikkel 4 nr. 2 i vedtak nr. 676/2002/EF gjeve Den europeiske post- og telekonferansen (heretter kalla «CEPT») mandat⁽⁴⁾ til å slå fast kva tekniske og driftsmessige vilkår som krevst for å hindre at GSM-system som vert nytta om bord på fartøy i frekvensbanda 900 MHz og 1 800 MHz på sjøterritoriet til medlemsstatane, gjev skadeleg interferens med eksisterande jordbaserte mobilnett, òg i område av dette sjøterritoriet der tenester vert leverte av slike nett, og for å sikre at jordbaserte mobilterminalar ikkje vert kopla til eit slikt system når det er i bruk innanfor sjøterritoriet, og at eventuelle mobilterminalar ikkje vert hindra i å kople seg til jordbaserte nett. Denne avgjerda byggjer på dei tekniske granskningane som CEPT har gjennomført i medhald av mandatet frå Europakommisjonen, og som er lagde fram i rapport 28 frå CEPT⁽⁵⁾.

(*) Denne fellesskapsrettsakten, kunngjort i EUT L 72 av 20.3.2010, s. 38, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 100/2011 av 30. september 2011 om endring av EØS-avtalens vedlegg XI (Elektronisk kommunikasjon, audiovisuelle tenester og informasjonssamfunnstjenester), se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende* nr. 65 av 1.12.2011, s. 11.

⁽¹⁾ TEF L 108 av 24.4.2002, s. 1.

⁽²⁾ KOM(2005) 229, endeleg utgåve av 1. juni 2005.

⁽³⁾ OJ L 274, 20.10.2009, p. 32. TEU L 274 av 20.10.2009, s. 32.

⁽⁴⁾ Mandat til CEPT som gjeld mobilkommunikasjonstenester om bord på fartøy, 8. juli 2008.

⁽⁵⁾ Sluttrapport frå CEPT til Europakommisjonen som svar på EF-mandatet om mobilkommunikasjonstenester om bord på fartøy (MCV), 1. juli 2009.

- 5) Det systemet som leverer MCV-tenester og er vurdert i rapporten frå CEPT, er samansett av éin eller fleire pikocellebasestasjonar (fartøybasestasjonar) om bord på eit fartøy, og gjev tilgang til eit GSM-basisnett gjennom eit tilkoplingssamband, til dømes via satellitt, som nyttar andre delar av spektrumet enn frekvensbanda 900 MHz og 1 800 MHz. Fartøybasestasjonane i eit slikt system gjer det mogleg med nettgjesting via GSM-mobilterminalar som tilhøyrrer passasjerar eller mannskap om bord, ved å opprette samband i frekvensbandet GSM-900 og /eller GSM-1 800 når fartøyet er i internasjonalt farvatn eller i eit område av sjøterritoriet som er utan dekning frå jordbaserte mobilnett, eller der dekninga frå slike nett er mangelfull.
- 6) Rapporten frå CEPT konkluderer med at system som leverer MCV-tenester, ikkje skal nyttast nærmare enn to nautiske mil frå grunnlinja til ein kyststat. I rapporten er det ført opp ei rekkje tekniske og driftsmessige vilkår for bruken av slike system innanfor sjøterritoriet mellom to og tolv nautiske mil frå grunnlinja.
- 7) Utstyret til MCV-tenester som er omfatta av denne avgjerda, høyrer inn under verkeområdet for europaparlaments- og rådsdirektiv 1999/5/EF av 9. mars 1999 om radioutstyr og teleterminalutstyr og gjensidig godkjenning av utstyrets samsvar⁽¹⁾. Dersom utstyret er i samsvar med dei gjeldande harmoniserte standardane for GSM-900 og/eller GSM-1 800 som er nemnde i dette direktivet, er det òg rekna for å vere i samsvar med krava i direktivet, og omsetning av slikt utstyr kan difor tillatast.
- 8) Sjølv om Det europeiske standardiseringsinstituttet for telekommunikasjonar har utarbeidd harmoniserte standardar der det er fastsett tekniske krav som gjer det mogleg å bringe GSM-utstyr som er i samsvar med desse krava, i omsetning, og sjølv om slikt GSM-utstyr kan nyttast i system som leverer MCV-tenester, er det likevel naudsynt å fastsetje kva særlege driftsmessige verdiar som må oppfyllast av slike system som vert nytta på sjøterritoria, for å unngå skadeleg interferens med jordbaserte nett.
- 9) Difor inneheld vedlegget til denne avgjerda alle dei tekniske og driftsmessige krava som er førte opp i CEPT-rapporten. Desse krava, som ligg innanfor områda til dei parametrane i GSM-standardane som kan tilpassast, er venta å skulle sikre at system som leverer MCV-tenester, kan sameksistere med jordbaserte GSM-/UMTS-nett i 900- og 1 800 MHz-banda, og med radionavigasjonssystem over kort avstand til bruk innanfor luftfart, som nyttar 862–960 MHz-bandet.
- Desse krava omfattar interferensreduserande teknikkar som byggjer på særlege driftsparametrar for GSM-system, men andre metodar eller andre risikoreduserande teknikkar kan nyttast dersom dei gjev eit tilsvarende vernnivå.
- 10) Denne avgjerda kan ikkje reknast for å leggje plikter på medlemsstatar som ikkje har sjøterritorium. Dette rører likevel ikkje ved den godkjenninga av MCV-tenester som ligg utanfor verkeområdet for denne avgjerda, som i samsvar med EU-retten kan krevje handling frå medlemsstatane si side med omsyn til fartøy som tilhøyrrer desse statane.
- 11) Medlemsstatane bør snarast mogleg gjere heile 900 MHz- og 1 800 MHz-frekvensbanda tilgjengelege for system som leverer MCV-tenester utan interferens og utan vern på sjøterritoriet deira, til dømes for å unngå skilnadshandsaming av rettshavarar i desse banda. Dersom det finst nasjonale omstende som hindrar at heile banda vert gjorde tilgjengelege, kan medlemsstatane gjere tilgjengeleg ein mindre del av spektrumet, men dei bør minst gjere tilgjengeleg 2 MHz av spektrumet i oppsambandsretninga og 2 MHz av spektrumet i nedsambandsretninga, ettersom ei slik mengd av spektrumet vert rekna som eit minstemål for det som krevst til drift av MCV-tenester.
- 12) For å sikre at dei vilkåra som er fastsette i denne avgjerda, framleis skal vere relevante, og som følgje av dei snøgge endringane i radiospektrumområdet, bør dei nasjonale styresmaktene, der det er mogleg, overvake korleis radiospektrumet vert nytta av utstyr til MCV-tenester, slik at denne avgjerda kan reviderast på ein aktiv måte. Ved ein slik revisjon bør det takast omsyn til den teknologiske utviklinga, og det bør kontrollerast at dei opphavlege føresetnadene for drift av MCV-tenestene framleis er relevante.
- 13) Dei tiltaka som er fastsette i denne avgjerda, er i samsvar med fråsegna frå Radiospektrumutvalet —

TEKE DENNE AVGJERDA:

Artikkel 1

Føremålet med denne avgjerda er å harmonisere dei tekniske vilkåra for tilgang til og effektiv bruk av 900 MHz- og 1 800 MHz-banda for system som leverer mobilkommunikasjonstenester om bord på fartøy innanfor sjøterritoriet til Den europeiske unionen.

⁽¹⁾ TEF L 91 av 7.4.1999, s. 10.

Artikkel 2

I denne avgjerda tyder:

1. «mobilkommunikasjonstenester om bord på fartøy (MCV-tenester)» elektroniske kommunikasjonstenester, slik det er definert i artikkel 2 bokstav c) i europaparlaments- og rådsdirektiv 2002/21/EF⁽¹⁾, som eit føretak leverer for at personar om bord på eit fartøy skal kunne kommunisere gjennom offentlege kommunikasjonsnett ved hjelp av eit GSM-system utan å opprette direkte samband med jordbaserte mobilnett,
2. «900 MHz-bandet» 880–915 MHz-bandet for oppsamband (terminalen sender og basestasjonen tek imot) og 925–960 MHz-bandet for nedsamband (basestasjonen sender og terminalen tek imot),
3. «1 800 MHz-bandet» 1 710–1 785 MHz-bandet for oppsamband (terminalen sender og basestasjonen tek imot) og 1 805–1 880 MHz-bandet for nedsamband (basestasjonen sender og terminalen tek imot),
4. «GSM-system» eit elektronisk kommunikasjonsnett som er i samsvar med GSM-standardane som er offentleggjorde av Det europeiske standardiseringsinstituttet for telekommunikasjonar, særleg EN 301 502 og EN 301 511,
5. «utan interferens og utan vern» at ingen radiokommunikasjonstenester må utsetjast for skadeleg interferens, og at det ikkje kan krevjast vern av slike tenester mot skadeleg interferens frå andre radiokommunikasjonstenester,
6. «sjøterritorium» det same som det som er definert i Havrettskonvensjonen til Dei sameinte nasjonane,

7. «fartøybasestasjon» ei mobil pikocelle om bord på eit fartøy, som støttar GSM-tenester i 900 MHz- og/eller 1 800 MHz-banda.

Artikkel 3

Medlemsstatane skal seinast tolv månader etter at denne avgjerda tek til å gjelde gjere tilgjengeleg eit spektrum på minst 2 MHz i oppsambandsretninga og eit tilsvarende para spektrum på 2 MHz i nedsambandsretninga innanfor 900 MHz- og/eller 1 800 MHz-banda for system som leverer MCV-tenester utan interferens og utan vern på sjøterritoriet deira, og sikre at desse systema er i samsvar med dei vilkåra som er fastsette i vedlegget til denne avgjerda.

Artikkel 4

Medlemsstatane skal syte for revisjon av bruken av 900 MHz- og 1 800 MHz-banda for system som leverer MCV-tenester på sjøterritoriet deira, særleg med omsyn til om dei vilkåra som er nemnde i artikkel 3 i denne avgjerda, framleis er relevante, og til tilfelle av skadeleg interferens.

Artikkel 5

Medlemsstatane skal sende over til Europakommisjonen ein rapport om resultatane sine med omsyn til den revisjonen som er nemnd i artikkel 4 i denne avgjerda. Dersom det er naudsynt, skal Europakommisjonen revidere denne avgjerda.

Artikkel 6

Denne avgjerda er retta til medlemsstatane.

Utfërda i Brussel, 19. mars 2010.

For Kommissjonen

Neelie KROES

Visepresident

⁽¹⁾ TEF L 108 av 24.4.2002, s. 33.

VEDLEGG

Vilkår som skal oppfyllest av eit system som leverer MCV-tenester på sjøterritoriet til medlemsstatane i Den europeiske unionen, for å unngå skadeleg interferens med jordbaserte mobilnett

Følgjande vilkår skal oppfyllest:

1. System som leverer MCV-tenester, skal ikkje nyttast nærmare enn to nautiske mil⁽¹⁾ frå grunnlinja, slik det er definert i Havrettskonvensjonen til Dei sameinte nasjonane.
2. Mellom to og tolv nautiske mil frå grunnlinja skal berre innandørsantenne(r) nyttast for fartøybasestasjonar.
3. Avgrensingar som skal fastsetjast for mobilterminalar som vert nytta om bord på fartøy, og for fartøybasestasjonar:

Parameter	Karakteristikk
Sendeeffekt/effektettleik	Høgste utstrålte utgangseffekt for mobilterminalar som vert nytta om bord på fartøy og kontrollerte av fartøybasestasjonen i 900 MHz-bandet: 5 dBm
	Høgste utstrålte utgangseffekt for mobilterminalar som vert nytta om bord på fartøy og kontrollerte av fartøybasestasjonen i 1800 MHz-bandet: 0 dBm
	Høgste effektettleik for basestasjonar om bord på fartøy, målt i dei utandørs områda på fartøyet, med tilvising til ei oppmålt antenneforsterking på 0 dBi: – 80 dBm/200 kHz
Reglar for kanaltilgang og -bruk	<p>Teknikkar for å redusere interferens som minst svarar til ytinga til følgjande interferensreduserande faktorar på grunnlag av GSM-standardar, skal nyttast:</p> <ul style="list-style-type: none"> – mellom to og tre nautiske mil frå grunnlinja skal mottakarfølsemda og fråkoplingsterskelen (ACCMIN⁽¹⁾ og minste RXLEV⁽²⁾-nivå) til mobilterminalen som vert nytta om bord på fartøyet, vere lik eller høgare enn – 70 dBm/200 kHz, og mellom tre og tolv nautiske mil frå grunnlinja skal dei vere lik eller høgare enn – 75 dBm/200 kHz, – diskontinuerleg overføring⁽³⁾ skal aktivert i oppsambandsretninga til MCV-systemet, – verdien for tidspåskunding⁽⁴⁾ for fartøybasestasjonen skal setjast så låg som råd.

⁽¹⁾ ACCMIN (RX_LEV_ACCESS_MIN), slik det er omtala i GSM-standarden ETSI TS 144 018.

⁽²⁾ RXLEV (RXLEV-FULL-SERVING-CELL), slik det er omtala i GSM-standarden ETSI TS 148 008.

⁽³⁾ Diskontinuerleg overføring, eller DTX, slik det er omtala i GSM-standarden ETSI TS 148 008.

⁽⁴⁾ Tidspåskunding, slik det er omtala i GSM-standarden ETSI TS 144 018.

⁽¹⁾ Éi nautisk mil = 1 852 meter.